


DET NORSKE TEATRET



En forfriskende pause



DRIKK

Coca-Cola

REG. VAREMERKE

ISKALD

Autorisert tapperi

Jarlsberg Mineralvann A/S



Restaurant

FRASCATI

*med det Franske Rôtisserie
Le Rendez-Vous de Gourmets
Vis-à-vis
Nationaltheatret*



Franz Kafka

„PROSESSEN”

etter FRANZ KAFKA's roman
ved ANDRÉ GIDE og
JEAN LOUIS BARRAULT

til norsk ved HALLDIS MOREN VESAAS
gjesteinstruktør HENRYK TOMASZEWSKI
dekor og kostyme KRZYSZTOF PANKIEWICZ
inspisient KRZYSZTOF SELIGA

Program-omslag: OLAF THRAP-MEYER

SESONGEN 1965/66

Billetter får De òg kjøpt i Narvesens Kiosker



Walter Jacobsen a.s
MODELL KONFEKSJON

Ø. Slottsgt. 27. Tlf. 331368

Forretningen med det gode utvalg
i kåper, kjoler og drakter.



Gjesteinstruktør Henryk Tomaszewski

NY SESONGOPNING

Det er alltid spaning omkring teatret og i teatret når ein ny sesong tar til – eller bør vera det. Haustkveldane mørknar over hovudstaden – etter ein sommar med lys dag og natt og med uteliv langs strender, i skog og på fjell, kjenner folk igjen trong til bøker, musikk og teater. Det sommar av forventning i salen første première-kvelden – og så spørst det kva *vi* har å gje.

Det Norske Teatret opnar i år med Jean Louis Barraults og Andre Gides dramatisering av Franz Kafkas «Prosessene». Kanskje meir enn nokon annan nyare forfattar har Kafka sett sitt preg på vår tids litteratur: «Prosessene» og «Slottet» er kjeldene som denne litteraturen spring ut frå. Det moderne, nevrosieridde menneske er for alvor kome inn på arenaen.

Vi har også valt «Prosessene» på grunn av Henryk Tomaszewski. Skildringa av det indre mareritt Josef K.... gjennomlever, ropar på ekspressive og pantomimiske uttryksmiddel.

Neste première blir «Pygmalion» på nynorsk. Mange vil karakterisere det som eit eksperiment, andre vil oppfatte det som ein språkpolitisk provokasjon. Frå teatret si side er det ikkje meint slik. Vi ville rett og slett spela «Pygmalion» – fordi det er ein god komedie, og fordi «My Fair Lady» i all sin glans kanskje har lagt eit noko *for* romantisk slør over Shaw's Eliza Doolittle og Higgins, og over hans satiriske samfunns- og menneskeskildring.

I november kjem det omstridde skodespelet «Der Stellvertreter», som handlar om jødetransportane til tyske dødslæger under krigen. Med eit alvor og eit engasjement som ber over alle dramaturgisk veike punkt, slynger forfattaren Rolf Hochhuth sitt klagemål mot alle dei passive: Utan å gripe inn såg dei det endelause mennesketoget på veg gjennom heile Europa mot gasskamra i Auschwitz og Treblinka. Han rettar søkelyset mot Pave Pius XII, og skuldar han for utilgjeveleg passivitet. Klagemålet, som verkar vel fundert, er blitt møtt med lidenskapelege pro- og kontrautsegner i den europeiske pressede-batten etter urpremièren i Berlin.

Tysklands nye store dramatarikar Peter Weiss har også nettopp fullført eit drama om Auschwitz; det handlar om rettargangane i Frankfurt, og rullar med nøkterne detaljar opp all den gru

Framhald side 27.



Teatermålaren Krzysztof Pankiewicz

FRANZ KAFKA

(1883—1924)

Personlegdomen og problematikken til *Franz Kafka* og nedslaget i diktarlege prestasjonar, klassisk perfekte, står under ei ekstremt gåtefull stjerne. Synet han hadde på sitt eige eg, på sin eigen eksistens og kunst, resulterte i eit «the rest is silence». Nett denne sannkjenning hos den lidenskapelege sanningsriddaren Franz Kafka – den fortvila leitaren etter den dulde, ukjende guddomen, vårt siste, inkommensurable spørsmålsteikn (er han til eller ikkje?) – nettopp denne visdomen om det verde som ligg i togna, som openberrar både vår avmakt og vår makt andsynes dei mysteriøse «makter», – løyste ut den reint paradoksale avgjerd hos denne nådegjevne, samvitsfulle kunstnaren: Spora skulle strykast ut – dei upubliserte manuskripta hans gjerast til inkjes.

I staden for det, altså oppløysing i paradokset, hende det motsette. Erttertida slo fast at han er udøyeleg.

Berre ein liten venekrins kjende noko til denne smålåtne, skygge, men sympatiske og jamvel humørfylte Franz Kafka; den dåmlause og innhaldsfattige biografien hans munnar då òg ut i ein tuberkulose-sjuk assuransefunksjonær's kamp for det daglege brød. I ledige stunder sysla dette mennesket med episke prosa-øvingar, som han sjølv dømde sær's skeptisk. Berre sjeldan og helst i tidsskrifter fekk publikum lesa eit lite brot av den vidfemnande produksjonen hans – og feste seg snautt ved forfattarnamnet. Ikkje eingong venene, ikkje eingong den mest intime av dei, den sidan så ivrige apostelen hans, kjende honom i røynd og sanning. Jamvel skribenten *Max Brod*, mannen som berga verka hans frå ein lagnad som føreåt var fastlagd, idet han krenkte viljen til den avlidne ut frå høgare pietetsomsyn, ikkje eingong han kunne ana kor vidfemnande fylgjene vart.

Post mortem auctoris vart livsverket hans spreidd på mirakuløs vis over all verda. Kafka-bøker blir prenta på nytt og på nytt på alle språk, bøkene blir lesne, svelgde, ovundra, lovpriste og dyrka. Etter siste verdskrigen, som ei fylgje av dei apokalyptiske hendingane då, vart han jamvel ein «modeforfattar», og han vart dyrka på ein måte som berre eitt anna litterært geni har

Framhald side 23.

HENRYK TOMASZEWSKI

treng ingen presentasjon i Oslo: Først kom han med sitt verdskjende pantomime-teater (gjestespel på Oslo Nye Teater 1963), og i fjor gjesta han oss som koreograf i «Keisar Jones» av O'Neill. For Det Norske Teatret har det vore ei glede og lykke å ha han som gjest i fleire periodar. Han har undervist i pantomime, og med «Prosessens» debuterer han som dramatisk instruktør! Eg trur vi torer seia at det er ein uvanleg debut.

Alle som har fylgt Tomaszewski på nært hald, veit kva for boblande scenisk fantasi mannen har. Men det er ein fantasi under streng kunstnarleg tukt – Tomaszewskis sceniske form er gjennomført presis og målmedvete.

Tomaszewski, som den store kunstnaren og det fine mennesket han er, har vunne seg mange varme vener på Det Norske Teatret, og vi ynskjer han hjarteleg velkomen tilbake!

ESPEN SKJØNBERG

gjestar på Det Norske Teatret, der han spelar Josef K.... i «Prosessens».

Som scenekunstnar på Oslo Nye Teater, og som TV-artist har Espen Skjønberg skapt seg ein posisjon på første plan innan norsk teater. Vårt publikum kjenner han, og har sett han i mange store rolleprestasjonar, frå Osvald og Hamlet og fram til kveldens Josef K....

Vi ynskjer han velkomen på *vår* scene.

T. S.

TEATERMÅLAREN

Saman med Tomaszewski gjestar Krzysztof Pankiewicz Det Norske Teatret i samband med «Prosessens»: Han har ansvaret for dekorasjonar og kostyme.

Den 32 år gamle Pankiewicz er visepresident i Det polske teatermålarforbundet, og arbeider som freelancer ved polske

teater – og operascener. Han er ein av Polens fremste teatermålalarar, og han har ca. 100 framsyningar bak seg. Til Oslo kjem han frå Amsterdam der han samarbeidde med Tomaszewski ved Den Nationale ballett-festivalen i Amsterdam.

Pankiewicz er òg ein velkjend kunstmålar – han har mellom anna hatt utstilling i Italia, Frankrike og Tyskland.

Med Tomaszewski har Pankiewicz hatt eit omfattande samarbeid sidan 1957, og vi er glade for å kunna nyte fruktene av dette samarbeidet også hos oss.

Vi ynskjer med dette Pankiewicz velkomen til Det Norske Teatret.

OMSETJAREN

Omsetjaren kjem sjeldan direkte fram i rampelyset. Likevel er omsetjarens arbeid eit avgjerande grunnlag: Utan kvalitet her, snublar lett instruktør og skodespelar i starten. Tekstens rytme og andedrag, dens nyansar og musikalitet slår inn i det ferdige resultatet og pregar det på godt eller vondt.

Det Norske Teatret har den lykke å kunne samarbeide med to fine stilkunstnarar når det gjeld å føre ein original tekst over til norsk: Halldis Moren Vesaas og Hartvig Kiran. For dei begge gjeld at dei ser på omsetjingsarbeidet som sjølvstendig kunstnarleg arbeid, slik at den norske teksten under deira hender blir likeverdige diktarverk, samanlikna med originalen. Begge har fått prisar for dette, og dei hanskast helst med dei oppgåver som er *mest* krevjande: Begge har gjendikta Shakespeare på ein måte som er svært sjeldan – begge har sin styrke i det lyrisk-poetiske. Med «Fedra» skapte Halldis Moren Vesaas teatersoge, slik Hartvig Kiran gjorde det med «West Side Story». Hausten på Det Norske Teatret ber preg av desse to: «Prosessens» og «Ole Brumm» er omsett av Halldis Moren Vesaas, «Ai, ai, for ein artig krig!» og «Pygmalion» av Kiran. Begge har andre store ting på den framtidige spelplanen. Vi er glade for at vi har dei!

T. S.



Halldis Moren Vesaas

TEATERFRAMSYNINGA

som ei høgtideleg akt til sams sjølvvedkjenning.

Instruktørens arbeid er å arrangere samspelet mellom scene og tilskodar. Dette samspel kan berre bli til gjennom det spesifikt sceniske, og i *det* er skodespelarane kjernen. Frå dei går *kraftfelta* i spelet ut. Alt anna – det litterære innhaldet, dekor, musikk, maskering – er underordna dei. Regien skal leggje scenen open for skodespelarens skapande utfalding – og i *den* må det intellektuelle vike rom for det spontane.

Skodespelaren skal leva seg inn i ein åndeleg og fysisk myte-organisme – skal avdekkje dei intimaste ting denne myten ber i seg, skal gjennomføre ei slags dissekering, og leggje opne dei mest bortgøynde og skamlause detaljar. Denne sjølvutleveringsprosess fører ofte spelet langt ut over det naturalistisk normale, og inn i det blasfemisk transcendentale.

Og denne profanering, som går mot tilskodarens moralske ideal og hans «gode oppseding», vekker protest i han. Han kjenner seg krenkt og sår i si estetiske kjensle – og opplever, når han ser normene bli brotne, eit rasande (sekralt) sinnsopprør.

Spelet er likevel ikkje eit kjenslekaos. – Den kunstnarlege forma skaper det drastiske om til metafor og det spesielle til symbol. Alt som kan breie seg ukontrollert ut, blir fanga inn, og hamra til poetisk form.

I arbeidet med «Prosessen» reiser seg i starten spørsmålet: Er teatret i stand til å vise det som Kafka seier i sin roman? I svaret held eg meg til ordet «å vise», for Kafkas verd er ei biletverd, ei rein intellektuell tolking er umogeleg – det er biletfantasien som er det genuine.

Det eigenlege innhaldet ligg i ei uforklarleg fantasiverd av motsetningar – ei verd som blir til ein syntese av dei assosiasjonar angesten, einsemda, utryggleiken, heimløysa og livsundringa skaper. Humoren er komprimerande og knapp som lyneld. Biletet er symboluttrykk for ein oversanseleg røyndom. Denne røyndom verkar i all sin demoni lurvut, ussel, vond – og er like pervers som institusjon som han er fullkomen som organisasjon. Slik kan denne organiserte, men likevel gåtefulle røyndom, som trengjer seg om mennesket, drepa – men på same tid lyfte opp til martyrdom.

Henryk Tomaszewski.



Josef K.... (Espen Skjønberg)

POLSK TEATER I DAG

Av Dag Halvorsen.

Det er ikkje ein slump at Det Norske Teatret no ved to høve har knytt til seg polske kunstnarar, først då teatret framførte Eugene O'Neill's «Keisar Jones» og no i samband med Kafkas «Prosessen». I det siste har Polen vunne ein grunnfest posisjon som eit av dei mest interessante teaterland i Europa. Trass i dei språklege barrierane har polsk dramatikk og scenekunst vorte kjend både i Europa og USA. Kva er bakgrunnen for den polske karrieren?

For 12 år sidan var Polen enno stalinistisk, teatret var einretta og sambandet med Vest-Europa kutta av. Så, på nokre få år, vinn Polen seg gjetord som teaterland, ikkje berre takka vere politisk djervskap i repertoarvalet, men først og fremst takka vere kvaliteten i framsyningane og ein aktiv vilje til eksperimentering.

Reiste så det moderne polske teatret seg spontant og uførebudd i 1956, då det atter vart tillate å eksperimentere? Vi her i vest kan få inntrykk av at det var så, men det er ei sanning med mange atterhald. Polsk teater har ein gamal og sterk anti-naturalistisk tradisjon. Det store polske romantiske dramaet lét seg vanskeleg spela innanfor ein reint naturalistisk konvensjon. På mange måtar verka nyromantikken utfriande på teatret. Arven frå dei store klassikarane Mickiewics og Slowacki vart overteken av dramatikaren, målareren og teater-teoretikaren Stanislaw Wyspianski. Det moderne polske teatret byrjar med Wyspianski, som døydde for snart femti år sidan.

Tradisjonen vart ført lenger fram av dei mest ruvande instruktørar i mellomkrigstida. Det største namnet mellom dei er Craigeleven Leon Schiller, som òg var sterkt påverka av Meyerholds russiske teater og Erwin Piscators tyske revolusjonære stemmelei. Alt no får vi dette samarbeidet, som er så særmerkt for polsk teater, mellom den sterke og sjølvstendige teatermålareren og instruktøren. Teater er ikkje berre ein presentasjon av den diktarleige teksten, det er ei mangsidig kunstform, der det litterære går opp i ein scenisk heilskap saman med element henta frå målar-kunsten, musikken og dansen. Denne syntesen har vore eit særmerke på det nyskapande polske teatret. Men på dei teatra som

Framhald side 31.

Likar De å følgje med?

Få
syn for segn
les




Det største allmenne tidsskriftet i landet

OPPLAG I DAG: 15 000 — STADIG I FRAMGANG

10 hefte i året på til saman om lag 570 sider. Årspengar kr. 24,00 — for studentar og skoleelevar kr. 18,00 ved tinging direkte til forlaget. Tidsskriftet kan tingast for skoleåret eller kalenderåret. 10 års tinging kr. 200,00.

Kristian Augusts gate 14 — Oslo 1
Postgiro 87 02 — bankiro 75/659

det norske samlaget



*Kjøp Deres nye
bilradio hos oss*


**Hurtig montering.
Avtal tid, ring**

68 49 18

Mange typer — også kombinerte reise- og bilradioer

*Bilradioreparasjoner
utføres*

BLAUPUNKT



JARLEN RADIO & TV AS

Åkebergveien 56 - OSLO - Telefon 68 49 18
SOM SIKKERHET — SIKKER SERVICE



Titorelli og Josef K.... (Ola B. Johannesen og Espen Skjønberg)

LYTT TIL

Norsk folkemusikk

innspilt på grammofonplater av våre beste spelemenn på forskjellige instrumenter, – samt folketoner i levende tradisjon framført av kjente bygdesangere.

Utgitt på



grammofon-
plater

I samarbeid med Norsk Rikskringkasting.

Til salgs hos musikkhandlerne.

VESAAS

– Den nordiske romanprisen

SYN OG SEGN

– Største allmenne tidskriftet i landet

DAG OG TID

– Avisa for kommentar og debatt

Det Norske Teatret

Lyriskbiblioteket

**MÅLSAK ER KULTURARBEID
HUGS MÅLGÅVA**

NOREGS MÅLLAG

Postboks 911, Oslo 1 Postgirokonto 14 230



Josef K.... og frøken Bürstner (Espen Skjønberg og Anita Rummelhoff)

„PROSE

etter FRANZ K
ved ANDRÉ GIDE og JEA
til norsk ved HALLD
gjesteinstruktør HENR
kostyme og dekor KRZY
kostyma er laga på systova til Det No
inspisient KRZYS
Røystebruk og korinstruksjon

Dei som

JOSEF K.	Espen Skjønberg
FRANZ	Atle Merton
WILHELM	Jon Berle
FRU GRUBACH	Siri Rom
POLITIINSPEKTØREN	Einar Wenes
FRK. BÜRSTNER	Anita Rummelhoff
VASKEKONA	Gudrun Waadeland
VAKTMEISTEREN	Ragnar Olason
STUDENTEN	Jon Eikemo
JENTA I	Berit Kullander
DEN ELEGANTE	Sverre Wilberg

KO RET: Eva Solbakken – Anders Lien – Leif Jac
Thurn-Paulsen – Per Thurn-Paulsen – Kri

Pause et

Hovedrollen
blant brannsikre skap
Pris fra kr. 625,00

ESSEN”

KAFKA's roman

AN LOUIS BARRAULT

DIS MOREN VESAAS

RYK TOMASZEWSKI

YSZTOF PANKIEWICZ

Norske Teatret ved RANDI SKAHJEM

YSZTOF SELIGA

om: VIRAN WALLSTRØM

er med:

ONKELEN	Øyvind Øyen
ADVOKATEN	Pål Skjønberg
LENI	Monna Tandberg
BLOCK	Odd Furøy
DOMAREN	Rolf Sand
KONTORSJEFEN	Jon Eikemo
VISEDIREKTØREN	Sverre Wilberg
DEN STORE KUNDEN	Tom Tellefsen
TITORELLI	Ola B. Johannessen
PRESTEN	Svein Erik Brodal
JENTA II	Sissel Ryen

cobsen – Oscar Ridder-Nielsen – Egil Rolland – Birger
ristinn K. Delaney – Arild Hammer – Arild Martinsen

er 1. akt

JÖLI

JØRGEN S. LIEN

OSLO - BERGEN - TRONDHEIM - STAVANGER

SPAR PENGER — KJØP

LAMPER

HOS OSS


Gedigen
reflektorlampe
u/ skjerm

kr. 109,—

Flotte
skjermer fra


kr. 30,—

**Kvalitets-
utvalg
i lamper
og skjermer
til markedets
laveste
priser**



Anseth
KJØP ^A/_S

Hausmannsgt. 6, ved siden av
Blå Korsgården. Tlf. 42 36 37.



Diamantringer

er vår spesialitet

Enstensringer fra kr. 200,—.

Trestensringer fra kr. 500,—.

Rosettringer og modellringer
fra eget verksted.

*Løse diamanter på lager til
bestillings-, forandrings- og
reparasjonsarbeide.*

Vi fører toppkvalitetene *Blue
white pure* og *finest white
pure*.

*Skriftlig garanti for
størrelse, farge og renhet
medfølger hver ring.*

Hvis De skal kjøpe diamanter, benytt Dem av vår 50 års erfaring som spesialister.

Stort utvalg, rimelige priser.

JUVELER — GULLSMED

H. A. NEERBYE

OBS! NY ADRESSE:

Youngs gate 1, tlf. 33 32 35

vorte: Goethe. «Kafka und kein Ende.» Eit skred av arbeid og studiar er vigde Franz Kafka og hans verk: om lag 6 000 til no. Dei tek sikte på å granske, å opplyse, å forklåre, å tolke, å dechiffriere dei «hieroglyfiske» skriftene hans, trengje inn til deira inste meining – under teologisk, psykoanalytisk, eksistensialistisk, sosiologisk eller berre poetisk og «ubunden» synsvinkel. Litteraturens matadorar – ein Th. Mann, H. Hesse, ein Gide og Camus, Virginia Woolfe og Aldous Huxley – gjorde honom honnør. I minsto når det gjeld den formale sida av forteljekunsten skapte han førebilete, var banebrytande, impulsgjevande for nye diktar-generasjonar i England og USA, Frankrike og Latin-Amerika, Sverige og endeleg – ein blir seint profet i eige land – i sitt eige språkvald, det tyske, og i heimlandet sitt, Tsjekkoslovakia, der han til då hadde vore bannlyst som reaksjonær.

Franz Kafka skaper framleis «skule» og blir rekna for eit førebilete stilistisk; men jamvel dei beste epigonane står langt ifrå mønsteret når det gjeld hovudsaka: den metafysiske dimensjonsdjupna. I Japan blir han halden for å vera den største forfattar gjennom alle tider

Prosaen til denne symbolstilens meister er glasklår, gjennom-synleg. Forteljingane hans, som på makelaus vis sameiner det mareridne «surreale» med ei realistisk framstilling – er parablar om det menneskelege tilværet, såleis som det tér seg for atomtid-skaka livskjensle og medvit hos moderne menneske, i «otte og angst», midt i ei verd som er i ferde med å misse sin faste, «sjølvgeevne», men illusoriske identitet.

Lenge før Kierkegaard vart nyoppdaga, var han Franz Kafkas kjæraste tenkjar. Med ankerfeste i gamaltestamentleg førestellings-tradisjon svara dei personlege røynsler og vandel hos den tyske Praha-jøden til den «indre verd» hos København-protestanten, likeins dei særmerkt kristne problemstillingar og brytingar. Ein annan bindestrek til åndslivet i Norden skimtar vi både i Thomas Manns vurdering: «. . . . han var ein drøymar, og diktinga hans er konsipert og utforma i det draumvorne etterliknar deira alogiske dans» og i svensken K. R. Gierows «en skuggvärld upplust av aningar». Nei, assosiasjonen vår med demiurgen i «Ett drömspel» leier oss ikkje på blindveg. Frå Strindberg, som Franz

Yakrere ben i
ULTRALYD *nylons*

daniela

DEN MODERNE STRØMPEN
MED SÆRPREG



Inger-Lise Haug

NÆRMESTE
FORHANDLERE
OPPGIS VED
IMPORTØRER

Vold-Johansen & Goplen


AKERSGT. 59. OSLO 1 — TLF. 33 20 08

*Den kresne kvinne finner alltid
vei til*

Pikant

Damekonfeksjon

Brogt. 3 b. Tlf. 41 23 28



Josef K. (Espen Skjønberg), Onkelen (Øyvind Øyen), Leni (Monna Tandberg), Advokaten (Pål Skjønberg)

Norsk Skilt-Gravering

Innehaver Bjørn Nilsen

OSLO – Pilestredet 43 – Telefon 60 62 15

*Spesialverksted for alle slags graverte skilter
Fasadeskilter og lysarrangementer*

OSLO FYLKESLAG

i Noregs Ungdomslag

Heim for landsungdom

Lagskontor. Ynskjer du opplysningar om bygdelaga i Oslo,
ring Sosialkontor for landsungdom telefon 20 38 20 og
20 38 03. Kaffistova og heimebuarane telefon 20 07 04.

Tegn Deres livsforsikring i

GLITNE

DET er virkelig livskunst

THAU



Karvi

- et godt navn i 52 land

Framhald frå side 23.

Kafka var åndeleg nærskyld med, tok han faktisk imot avgjerande impulsar. Som skaparar og artistar eig dei dette sams: dei har gjeve form til, utvida og lyft opp ein privat-individuell situasjon på eit archetypisk plan, såleis at det rommar sjølv den ævlege og ålgilde grunnsituasjonen til menneskja, medrekna Ibsens mis-kunnslause imperativ til kvar einskild: å halde domedag over seg sjølv

«Prosesseren» vart prenta året etter at Kafka døydde, i 1925. Berre eit stutt fragment, «Framfor lova», hadde vorte publisert tidlegare, i novellesamlinga «Ein lækjar på landet» 1919. Dei immanente emne til utnytting i verket har freista innanfor mange kunstgenrar. Teatret, filmen og jamvel operaen (sett i tonar av Gottfried von Einem) har tileigna seg «Prosesseren».


Om tolkinga av dette stykket ynskjer vi ikkje å seia anna enn dette: alt *tittelen* er meiningsberande. *Tua res agitur*. Det gjeld di eiga sak!


Hans Erich Lampl.

Framhald frå side 7.

som rommest i namnet Auschwitz. Det Norske Teatret har kjøpt «Die Ermittlung» til framføring neste sesong.

Nye generasjonar veks opp, men Europa gløymer ikkje, og *må* ikkje gløyme Auschwitz. Det er ein svart svulst som tida ikkje lækjer, men som berre veks for våre augo ettersom åra går; at ein ny generasjon tyske diktarar no tar stoffet opp, slik Rolf Hochhuth og Peter Weiss gjer det, er eit uttrykk for det. Og i denne bitre sjølvransaking ligge det kanskje botevon for gamle Europa.





Sturlasson

Scenebillete frå «Prossessen»

LIVSTRYGDIING – PENSJONSTRYGDIING

GJENSIDIGE

Eldste livstrygdelaget i Noreg

Hovudkontor: Karl Johans gt. 16, Oslo. Telefon 421830

En trykksak

som De og Deres forbindelse vil like, får De fra meg.

RAGNAR BRYDE

Aksidens-, Bok- og Rotasjonstrykkeri

Kr. Augustsgt. 19. — Telefon 202049

Bruk spesialisten

med over 15 års erfaring i sandblåsing av møbler,
glass og metaller.

TRYGVE ORFJELL

Normannsgt. 31. Tlf. 68 45 70.



Det lyser opp

i den grå hverdag med pene broderier. De bringer
naturens farger inn i hjemmet og blir beundret av alle.

Begynn med brodering, en kongelig hobby

RANDI MANGEN & CO.

SPESIALFORRETNING I BRODERIER

Bogstadveien 46 - Telefon 60 50 59

Alt i finere metall

R. A. NIELSEN

Finmekanikk

Skogveien 17. — Telefon 44 32 14.

NASJONAL-KAFEÉN

Keysersgt. 1. Telefon 33 21 49

IOGT's populære kafé i Oslo

**God mat - Rimelige priser - Selskaper mottas -
Lokaler utleies**

NATIONEN

Kontakten mellom bygd og by!

Kr. 40,00 pr. kvartal

Besøk vår nye forretning i

VESTRE VIKA



TORGERS Kaffe



arbeider meir konvensjonelt, har òg musikk og teatermaleri fått større rom.

Eksperiment-teatret overlevde krigen; ja, målaren Tadeusz Kantor førte teatret sitt, Cricot, vidare som ein illegal avant garde-scene under den tyske okkupasjonen. Resitasjonskunsten voks under krigen på det illegale Teatr Rapsodyczny i Krakow. Og jamvel i dei første etterkrigs-åra får vi ein serie interessante framsyningar som fører lenger fram den moderne tradisjonen i polsk teater.

Stalinismen, med sin brodd mot «formalisme» og sin sterke sensur av repertoaret, skapte ei krise. Men samstundes nådde teatret fram til fleire enn noko sinne før. Mykje var ringt, men dei beste stridde ein hardnakka strid for å halde oppe den kunstnarlege standard. Vi kan nemne instruktøren Erwin Axer, som prøvde skapa eit intellektuelt og kunstnarleg forsvarleg politisk teater.

Reaksjonen mot sekterisme i teatret byrja tidleg. Møtet med Brechts Berliner Ensemble i 1953 vart ein milepåle. I 1954 og 1955 får vi så dei første framsyningar som klårt syner at noko nytt er i ferd med å hende. Særskilt viktig er den unge regissøren Dejmeks oppsetjing av Mayakowskis satiriske skodespel «Badet». Brecht og Mayakowski synte, kvar på sitt vis, vegen til eit teater som var både politisk og kunstnarleg radikalt.

I 1956 held den sterke straumen fram. Avant garde-teatret kjem fram att, og polsk teater legg for dagen ein djervskap som vi vel korkje før eller sidan har sett i Aust-Europa. Vi får ein samanheng mellom den politiske og kunstnarlege avant garde; liksom avant garden i tjueåra hadde kvass brodd mot det borgarlege samfunnet, tok dei så radikale verkeråder i bruk for å protestere mot stalinismens pervertering av sosialismen. Jamvel klassikarane fekk eit aktuelt politisk og menneskeleg innhald. Hamlet og Richard den tredje vart samtidige, Shakespeares skodespel vart hjelperåder i kampen for eit friare liv. Alfred Jarrys «Kong Ubu», ein fransk modernistisk klassikar frå nitti-åra, vart brukt til å uttrykkje noko så sentralt i den polske tids-situasjonen. Becketts «Mens vi venter på Godot» fekk ei realistisk meining som tala direkte til publikum. Eugène Ionesco's skeptiske

Vesker - lærvarer - piper - røkesaker - suvenirer
og presanger for hele familien

„STAR”

Karl Johans gate 4, ved Jernbanetorget

Spesialforretning i TV - radio

Vi fører alle anerkjente merker, og vårt store utvalg gjør
det lettere å finne apparater som passer

GOD SERVICE! Rimelig avbetaling inntil 24 måneder

NORSK TELEVISJON OG RADIO A/S

Youngs gate 11, inng. Torggt., Oslo - Telefon 42 07 37

Filial: Lambertseter forretningsenter — Tlf. 28 03 12



Godt utvalg i dame- og herreskotøy

Valkyrien Skotøymagasin A.s

Valkyriegt. 3 - Oslo

Telefon 463464

**MIDT PÅ KARL JOHAN
EGERTORVET - OSLO**

Reisevaluta ekspederes raskt og greit

Sikkerhetsbokser utleies for oppbevaring av verdisaker


BØNDERNES BANK A/S

Framhald frå side 31.

humanisme vart ikkje sett som nokon motsetnad til Dürrenmatts og Max Frischs meir direkte og konkrete drøfting av dei mest sentrale moralske problem i vår tid.

For ein utanlandsk tilskodar kan mange polske teaterfram-
syningar te seg artistisk leikande lette, leggje for dagen ei barnleg
glede ved form, musikk og rørsle. Dette er rett, men skorten på
nordisk gravalvor og tyngd let seg sameine med ein høg intellek-
tuell standard. Den polske teaterkunstnaren er, på sitt beste, ein
leikande intellektuell som i arbeidet sitt oppnår ein heilskap av
moralsk søking, og spontan glede ved å leike med dei verkeråder
teatret byr. Men denne heilskapen blir skapt ved ein kritisk for-
stand og intellektuell styrke. Det blir skapt ein verkstad der nye
uttrykksformer blir uteksperimenterte, resultata er det Brecht
kallar «eit kulinarisk teater», som vekkjer glede hos den som ser,
utan at teatret misser sin tradisjonelle plass som eit forum der
dei sentrale menneskelege konfliktrar blir spela ut: eit teater som
i sin særhått er sosialt, fordi det som går føre seg på scenen, har
beinveges samanheng med våre eigne personlege problem og
moralske konfliktrar. Det beste polske teatret riv bort grenseskil,
grensene mellom det sosiale og personlege, mellom leiken og den
kritiske tanken, mellom lære-teatret og form-eksperimentet.

Attom resultata ligg eit sams intenst arbeid. Det er ikkje lett
å arbeide i polsk teater, å bli ei fetert stjerne er om lag uråd.
Det ein teatermann kan vone på, er å bli ein vital lekk i det
kollektive kunstverk som ei god teaterframsyning er. Dei fleste
er nøgde med det.



LIVSTRYGDELAGET
ANDVAKE
MØLLERG. 16. - OSLO 1

AKTUELLE TELEFONADRESSER

Arbeidsklær	CHR. STEFFENSEN Grønlandsleiret 4	68 12 51
Avfallsartikler	MAJORSTUA SKRAPHANDEL Dronning Astrids gate 2	46 49 31
Barnetøy	SMATØY — ANNA VINJE Spes. baby- og barnetøy Roald Amundsens gate 6	42 37 29
Bilglass-service	SCHLØSSER MØLLER Ole Deviks v. 18 - Helligdagsvakt Etter kl. 17 tlf. 70 15 18	67 13 86
Bil-lakkering	<i>Rodeløkkens Lakkerverksted «Rolav»</i> Erik og Kåre Pettersen Marstrandsgt. 9	37 75 49
Bilreparasjoner	ROLF KAARBY'S VERKSTEDER Enebakkvn. 131 — Økernvn. 227 Tlf. 21 09 48	67 08 39
Blikkenslager	OLUF C. JOHANSENS EFTF. Inneh. Eigil Winnje Bogstadveien 24	46 56 50
Bremseservice	TØRE WEVANG <i>Spesialverksted for bremses</i> Konghellegt. 3—5	37 79 30
Damefrisør	<i>Kitty Damefrisørsalong og Skjønnhets- pleie A/S — Dalsbergstien 2</i> Ruth Sennerud / Grete Refsland	46 49 38
Danseskole	ELSE'S DANSEINSTITUTT Barn fra 3 år, ungdom, voksne og ektepar mottas	67 30 27
Flyttetransport	Innenlands - utenlands flytting/lagring (innelukket bil) ANTHONSEN & SPIGSETH	53 51 56
Forkromming	FREDENSBORG FORNIKLING Fredensborgvn. 24 b	41 26 75
Fotograf	<i>Reklame og fargeopptak</i> HAMING FOTO (Einar Haming) Eikelundvn. 21 — Årvoll	21 14 47
Gulvtepperensig	... og vanlig rensing TEPPERENSERIET Tromsøgt. 12	37 16 44

AKTUELLE TELEFONADRESSER

Låshjelp	Utrykninger - rep. Nøkler på 2 min. Har bilcoder NØKLE-HJELPEN, Observatoriegt. 25	44 50 83
Malerarbeide	<i>Olaf Hellums Malerforretning</i> Etabl. 1913 — Markveien 41 Restaurering av møbler utføres	37 36 53
Parkettsliping	FALKENHAUG PARKETTSLIPERI <i>Fagmessig utførelse</i>	44 48 83
Pels	SVEBERG PELS Skippergt. 33	33 38 69
Persienner	Gardinbrett TROPICA A/S Youngsgt. 6	33 49 48
Rengjøring	K. BAKKES RENGJØRINGSBYRA Vinduspuss og hovedrengjøring utføres rimelig	41 11 71
Rørlegger	OSLO RØR-SERVICE A/S Aut. rørlemester Arne Knutsen Østmarkvn. 2 — Oppsal	26 26 52
Selskapslokaler	GROTTEN Selskapslokaler for alle anledninger — Wergelandsveien 5	33 07 29
Sjåførscole	ODD STRAND Kontor/teorilokale: Collettsgt. 14	46 44 24
Skoreparasjon	FIX SKOREPARASJON Kongsvn. 81 — Filial 28 55 68	28 88 25
Svangerskapskurser	MARGARET FLORELIUS Mensendicklærer., form./aftenk. N. Juelsgt. 64 b	44 56 22
Syatelier	Finere kjolesøm LIV KEYSER FREDRIKSEN Odinsgt. 27	55 03 72
Utleiesalong	SALONG RENETTE Fru Haraldsen — Bygdøy allé 18 <i>Elegant, komplett selskapsutstyr</i>	44 30 53
Urmaker	VEITVEDT UR og OPTIKK Frank Mikalsen Veitvet Shoppingcenter	25 01 75

NATIONALTHEATRET

Hovedscenen:

«DET HENDTE I VICHY»
av Arthur Miller

Regi: Arne Thomas Olsen

Dekorasjoner: Chr. Stenersen

«FALSK FORKLARING»
av John Osborne

Regi: Arild Brinchmann

Dekorasjoner: Per Schwab

A m f i s c e n e n :

«I ROM SJØ»
av Slawomir Mrozek

«ORKESTERET»
av Jean Anouilh

Regi: Jørn Ording

Dekorasjoner: Per Schwab

DEN NORSKE OPERA

«AIDA»

Opera av Giuseppe Verdi

Regi: Einar Beyron

Dirigent: Arvid Fladmoe

«FIGAROS BRYLLUP»

Opera buffa av
Wolfgang Amadeus Mozart

Regi: Einar Beyron

Dirigent: Arvid Fladmoe

«MADAME BUTTERFLY»

Opera av Giacomo Puccini

Regi: Einar Beyron

Dirigent: Zdenko Peharda

BALLETТАFTEN

Frøken Julie - Etudes de degas

Don Quixote - Pas gracieux
alt. med «Gjennom speilet»

Musikk: Rangström, Beethoven,
Minkus, Bizet, Tsjajkovskij

«PETER GRIMES»

Opera av Benjamin Britten

Regi: Joan Cross

Dirigent: Arvid Fladmoe

Ballettaften:

Finlands Nationalopera
(gjestespill)

Ballettaften:

«GISELLE»

Koreografi etter Coralli

Musikk: Adolphe Adam

OSLO NYE TEATER

«HVORDAN MAN BLIR
DIREKTØR NÅR MAN
VET HVA MAN GJØR»

Musical av

Abe Burrows og Frank Loesser

Regi og koreografi: Ivo Cramér

Dekorasjoner: Kaare Hegle

Dirigent: Kåre Siem

«MARY, MARY»

Lystspill av Jean Kerr

Regi: Jens Gunderssen

Dekorasjoner: Harald Martin

BARNETEATRET

i Folketeaterbygningen:

«UT AV TROLLDOMMEN»

Av Anne-Cath. Vestly

Regi: Guri Ludt

Dekorasjoner: Johan Vestly

Skal De ha slipt gulvene? Henvend Dem til

B. Bogens Parkettsliperi

Chr. Michelsensgt. 21 – Telefon 37 60 26

Førsteklasses arbeide garanteres

THORALF VIK

Bygg- og tømmermester

Kontor: Armauer Hansens gate 14 b, tlf. 60 47 18

Byggeplass: Hosle i Bærum, tlf. 53 47 62

GJESTESPEL I 1965

Midt i mai drog Det Norske Teatret til Paris med «Keisar Jones» av O'Neill, der Earle Hyman spela Keisaren. Det var andre gongen teatret gjesta Theatre des Nations. 14 dagar seinare gjekk ferda til Festsjela i Bergen med «Eit draumspel» av Strindberg (i Olof Molanders regi) og med «Keisar Jones». Heile våren hadde «Ai, ai, for ein artig krig!» og «To pinner i kors» vore ute på norsk spelferd, medan «West Side Story» gjekk i Oslo.


Gjestesjela held fram i haust. Vi har frå Stockholm fått det ærefulle tilbod å spela på Dramaten, ein av dei fremste scenar i verda, frå 3.—10. oktober. Så sant dette lar seg gjera, tar vi med stor takk imot tilbodet.

Sist i oktober gjestar vi med «Peer Gynt» på ein annan stor europeisk scene: Deutsches Schauspielhaus i Hamburg, der også ein kortare versjon av «Peer Gynt» skal spelast inn av Zweites Deutsches Fernsehen.

Eit gjestesjela i Århus er også på tale.

IPA *Sjuskole*

Etablert 1942



Sjy garderoben

selv, – modellbetonet.

Vi gir Dem den beste individuelle undervisning.

Tlf. 46 29 87.

Alle tiders utvalg av vakre gaver til alle anledninger

Savolainen & Co

STORGATEN 4 - OSLO TELEF. 33 46 09

Det Norske Teatret har alltid hatt hug til å spela for born. Vi trur vi torer seia at mange av dei barneframsyningane teatret har spela gjennom åra, har nådd fram til eit stort og takksamt publikum.

I den siste tida har vi diverre ikkje hatt høve til å spela så mykje for borna som vi gjerne ville, av di store framsyningar og for liten scenekapasitet har hindra oss. No vil vi gjera dette godt att, og vi veit at mange vil gle seg på eigne og bornas vegner, når dei høyrer at valet av stykke denne gongen er ei dramatisering av A. A. Milnes klassiske eventyrbok, «Ole Brumm og vennene hans».

I stykket som i boka, vil borna møte Kristoffer Robin, Nasse Nøff, Petter Sprett, eslet Tussi, den vise Ugla som saman med den uforliknelege Ole Brumm, kjem opp i dei snurrigaste situasjonar og opplever så mykje festleg.

Dramatiseringa fylgjer boka, så vi trur ingen vil kjenne seg misnøgd når dei no møter desse kjære vennene att.

Framsyninga høver for born i alle aldrar, fra 5 til 80 år. Dei aller yngste kan trygt vera med, her er ikkje noko som skræmer. Den lune tonen frå boka går att i dramatiseringa. Vi møter ein forfattar som er glad i born og som til botnar kjenner deira frodige fantasi. Ein smilande, underfundig humor som òg heile tida har for auga borns strenge krav til logikk i hendingane.

Rolf Sand spelar Ole Brumm, Aud Schønemann er Nasse Nøff, Kåre Wicklund eslet Tussi, Ulrikke Greve Petter Sprett, Sissel Sellæg ugla og Peter Magnus Kristoffer Robin.

Dekorasjonen har Johan Vestly hand om, og Asbjørn Toms set det heile i scene.

Première 14. september.


Alltjenest Rengjøringsbyrå

TELEFON 412031

UTFØRER ALT I VASK OG VINDUSPUSS

Rydding av loft og kjeller – Faste oppdrag mottas

GRILLSTOVA



**Bondeungs-
domslaget
i Oslo**

Ekstra god mat til rimelege prisar.
Internasjonalt kjøken og norske spe-
sialitetar. Alkoholfrie vinar.

*Midt i sentrum: Rosenkrantzgt. 8, 1. høgda, 100 m
opp frå Karl Johan.*

Ope kvardagar kl. 9–23

Norges Kjøtt- og Fleskesentral

OPPRETTET 1931

Landsomfattende produsent-organisasjon for omsetning av slakt,
livdyr, ull, huder og skinn

17 tilsluttede slakteri-organisasjoner med 108 000 medlemmer

